




Årsmelding 1995



Høgskulen i Volda


Innhold

Rektor	s. 3
Høgskuledirektøren	s. 4
Avdeling for humanistiske fag	s. 5
Avdeling for lærarutdanning	s. 6
Avdeling for mediefag	s. 7
Avdeling for samfunnsfag	s. 8
Undervisning og opptak	s. 9
Forskings- og utviklingsarbeid	s. 10
Kurs, etter- og vidareutdanning	s. 11
Personale	s. 12
Bygningar	s. 12
Biblioteket	s. 13
Informasjonsteknologi	s. 14
Organisering og styringsstruktur	s. 14
Rekneskapen 1995	s. 15



I 1995 markerte høgskulen 100 årsjubileum for lærarutdanning i Volda. Jubileet var konsentrert til den første veka i november, og vart markerrt med kunstutstilling, konsertar, dramaframсыningar, faglege seminar, festmøte, gudsteneste med kyrkjekaffi og jubileumsfest. Dessutan vart festskriftet «Forkynning, fellesskap, forskning» gjeve ut. Skriftet er ei innbunden bok på over 500 sider og inneheld 21 artiklar om saga til skulen og eit komplett register av uteksaminerte elevar og studentar i perioden 1895 - 1994.

Rektor



1995 var det første heile drifts-året for Høgskulen i Volda. Det blei eit krevjande og vanskeleg år med stor innsats og knappe budsjettammer. Det har også vore eit etableringsår der nye ordningar og nye rutinar skulle utviklast for all samhandling i høgskulen. Og det har vore eit år der studentane myldrar omkring i tronge lokalitetar, fagleg nysgjerrige og med glimt i augo.

Den faglege profilen i utdanningstilboda er ikkje blitt endra noko større i dette året, og høgskulen har stor breidd innanfor humaniora, samfunnsfag og kunstfag. Dei fleste studietilboda - fleirårige yrkes- og profesjonsutdanningar - er sikta inn mot offentleg sektor, og denne arbeidsmarknaden sine behov for sysselsetjing og spesialisering har mykje å seie for vår dimensjonering og vidareutvikling av fagprofilen. Det har vore stor etterspurnad av våre kandidatar, og vi fekk svært god søking til dei fleste tilboda hausten 1995.

Forskning, utviklingsarbeid og kompetanseoppbygging blir ei

stadig meir omfattande og synleg verksemd i høgskulen. I samarbeid med Møreforskning og andre institusjonar deltok våre fagtilsette i fleire store nasjonale forskingsprosjekt og ei rekkje mindre prosjekt, som blei leia og gjennomførte av høgskulen sine tilsette.

Høgskulen tok i dette året i bruk ei publikasjonsordning der vi får synleggjort produksjonen i ein serie av forskingsrapportar, arbeidsrapportar, notat og spesielle skrifter.

Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet fastla i 1995 at Høgskulen i Volda skal ha knutepunktfunksjonar i *nynorsk skriftkultur* og i *mediefag*, særleg knytt til radio og fjernsynsjournalistikk. Det følgde to nye professorat med eit av knutepunkta. I det andre knutepunktet får vi høve til å tilsetje to professorstillingar.

Tildelinga av slike knutepunkt i Noregsnettet gir forventningar og utfordrar til nytenking og satsing innafør både forskning og undervising på høgt nivå.

Året blei også prega av arbeid knytt til utviklinga av den første strategiske planen for den nye høgskulen og ein plan for forskingsverksemda ved Høgskulen i Volda og Møreforskning Volda. Det har gått med mykje energi til å etablere reformen som struktur både på avdelingane og i fellesadministrasjonen.

Hausten 1995 slutta høgskulen seg til revidert samarbeidsavtale mellom høgskulane i Vest-Noreg og Universitetet i Bergen, og vi har inngått enkeltavtalar med andre utdanningsinstitusjonar.

Mykje har kome på plass i den nye høgskulen, som vi i fellesskap skal profilere og utvikle vidare i dei neste åra.

På vegner av styret vil eg takke alle medverkande i høgskulen for innsatsen gjennom eit krevjande, interessant og gjevande år.

Sverre Måseidvåg
rektor

Høgskuledirektøren



rutinar. Av slikt arbeid kan vi nemne:

- strategiplan «HVO mot år 2000»
- retningslinjer for tilsetjing i undervisnings- og forskarstillingar ved HVO
- knutepunktet nynorsk skrift kultur
- knutepunktet media
- forskingsverksemda ved HVO
- utvikling av ny budsjett-neddelingsmodell
- evaluering av praksis ordningane
- eksamensforskrifter og fram møtereglement
- lokal tilpasningsavtale
- retningslinjer for lokal lønnspolitikk

Alt dette har teke mykje tid både fagleg og ikkje minst administrativt, og har ført til urimeleg høgt press på mange administrative funksjonar.

På sikt er det klart at arbeidet med nye rutinar og retningslinjer for administrativt saks-handtering vil vere lønsamt og auke elastisiteten i organisasjonen vår. Den store auken i saksmengd som den naudsynte byråkratiseringa og delegeringa i høgskulesektoren har ført med


seg, gjer det likevel aktuelt å gå gjennom det administrative apparatet med tanke på styrking av visse funksjonar.

Administrasjonen ved HVO har blitt strukturert og bygd opp omkring dei funksjonane som skal drivast, og vi er stort sett nøgde med organiseringa. Vi har ein organisasjon av dyktige og velkvalifiserte medarbeidarar og meiner å vere i stand til å drive forvaltning og støttefunksjonane på ein god måte. Vi har lagt stor vekt på det studentretta og det avdelingsretta arbeidet, og dette viser seg ved ein relativt stor felles studieadministrasjon og ein mellomstor avdelingsadministrasjon på dei fire avdelingane. Likevel viser det seg at studieadministrativt arbeid er tid- og kompetanse-krevjande, og at vår kapasitet her er for liten. I tida framover må vi såleis arbeide vidare med organisatoriske justeringar og styrking av visse administrative funksjonar.

Det er ikkje lett å framstille ein organisasjonsplan på ein skjematisk god måte, men eg har likevel gjort eit forsøk med ein svært grov og skjematisk modell.

Også dette året har vore prega av store utfordringar både når det gjeld nye arbeidsoppgåve, arbeidsomfang, arbeidsfordeling og organisering. I tillegg til det vanlege arbeidet har det vore satsa mykje på å utvikle nye felles rutinar, reglement og retningslinjer.

Vi har hatt mange utval og arbeidsgrupper i sving med å greie ut og lage forslag til nye



Avdeling for humanistiske fag

Avdeling for humanistiske fag omfatter fagutdanninger i språk, litteratur og historie. Organisatorisk er avdelinga inndelt i: Engelsk institutt, Historisk institutt, Nordisk institutt, Tysk institutt og Ivar Aasen-instituttet.

Undervisning og studenter

Fagutdanningane - engelsk, historie, norsk og tysk - er på universitetsnivå. Fellesnemnarar i avdelinga finn ein i tema som lingvistik, litteraturvitskap, framandspråkoplæring og koplinga mellom språk- og litteraturhistorie og regional historie. Avdelinga har 30 tilsette og nærare 500 studenter, og ein del av undervisninga er ved lærarutdanninga ved HVO (engelsk og norsk). I tillegg til den ordinære undervisning er tilsette ved AHF engasjerte i kursverksemd og desentralisert undervisning, m. a. førebuande prøver i fonetikk og språk- vitskap, kurs i emne knytte til språkundervisning i skulen, og norsk og historie grunnfag i regi av Folkeuniversitetet.

Forskning og fagleg utvikling

Fagpersonalet ved AHF deltar i mange utviklings- og forskingsprosjekt i samarbeid med universitet, forskingsinstitusjonar og andre høgskular, både i inn- og utland. Norskstudiet for utanlandske studenter har gitt mange kontakter med utanlandske universitet og høgskular. Avdelinga har gode føresetnader innanfor nynorskforskning (språk, litteratur og kultur), og tilsette ved avdelinga har deltatt i arbeidet med planlegging og etablering av Ivar Aasen-instituttet, som er tildelt knutepunkt-funksjonen for nynorsk skriftkultur innanfor Noregsnett. Fleire ved avdelinga har gjen-

nomført eller er i ferd med å gjennomføre doktogradsprogram. Elles er tilsette ved AHF engasjerte i nasjonale faglege fora, fagråd, forskingsråd, konferansar, utgreiingsutval m. m. Tilsette ved Engelsk institutt har dei siste åra m.a. utarbeidd lærebøker og undervisningsopplegg for grunnskulen, med særleg vekt på 1.-3. klasse. Eit anna prosjekt har vore bruk av poesi i engelsk-undervisninga. Tilsette ved Historisk institutt har dei siste åra gjennomført eit omfattande nybrottsarbeid med fylkessoga for Møre og Romsdal. Det same gjeld arbeidet med regionsoge for Nord- og Midthordland. Andre prosjekt er t.d. Vestlandslæraren, Bygdebok for Lesja, og to lærebokprosjekt: internasjonal historie 1914 - 90 og amerikansk politisk historie 1865-1955.

Nordisk institutt deltar i nordisk samarbeid om namnegransking og i eit prosjekt om norsk og nynorsk i USA. Andre forskingsprosjekt er t.d. innsamling og registrering av regionalt kjeldemateriale, populærkultur/litteratur og andre litterære studiar, m.a. arbeid med nordisk kvinnelitteraturhistorie. Tysk institutt har utvikla internasjonale faglege kontaktar og prosjektsamarbeid, som t.d. eit større prosjekt om språk og informasjonsstruktur finansiert av Nordisk samarbeidsnemnd for humanistisk forskning. Vidare blir det arbeid med lærebøker, studiar i Günter Grass' prosaverk, tysk samtids-historie og ei undersøking av indoeuropeisk ordstruktur.

Formidling og samfunnskontakt

AHF har knytt kontaktar og etablert samarbeid med andre utdanningsinstitusjonar og med ulike offentlege organ og ideelle

organisasjonar. Fleire av dei tilsette deltar i formidlingsarbeid med m.a. foredrag og konsulentverksemd, med å stille til rådvelde kjeldemateriale og ved å delta som styremedlemer i ulike lag og stiftingar. Institutta ved AHF har i 1995 arrangert fleire opne seminar og forelesingar, m.a. i regi av "Dei Nynorske Festspele" i Volda og Ørsta.

Satsingsområde

Av særlege satsingsområde og vidare planar om utvikling av studietilbod kan nemnast: Det er planlagt å etablere eit mellomfagstillegg i engelsk. Ved Tysk institutt vert det m.a. arbeid med utvikling av eit mellomfags- og storfagstilbod, og på noko lengre sikt er det planar om utvikling av hovudfagsundervisning i samarbeid med eit universitet. Historisk institutt vil vidare utvikle studietilbodet med storfag og evt. hovudfag. Dette arbeidet vil bli koordinert med Ivar Aasen-instituttet. Ved Nordisk institutt er det også svært aktuelt å sjå forskingsarbeid og studietilbod på høgare nivå i samband med Ivar Aasen-instituttet, som blir det sentrale satsingsområdet for AHF i tida som kjem, i og med tildeling av knutepunkt-funksjon og to professorstillingar på området nynorsk skriftkultur. Viktige avklaringspunkt for Ivar Aasen-instituttet i 1995-96: styringsordning, stillingar, fagleg innhald og forskingsfelt, tverrfagleg samarbeid internt og eksternt, nynorsk skriftkultur i internasjonalt perspektiv m. m.

Avdeling for lærarutdanning

Ein stor del av fagmiljøet i den tidlegare Volda lærarhøgskule er organisert i Avdeling for lærarutdanning (ALU). Avdelinga hadde følgjande fagseksjonar hausten 1995: drama, forming, kroppsøving, matematikk, musikk, naturfag, pedagogikk og samfunnsfag. Undervisning i engelsk, kristendomskunnskap og norsk, som også er svært viktige fag i lærarutdanningane, vert gjeve av fagseksjonar som er organiserte under to andre avdelingar ved høgskulen. ALU har ein administrasjon med kontorsjef og tre saksbehandlarar.

Avdelinga er lokalisert i byggkomplekset til tidlegare Volda lærarhøgskule (VLH), og vert i mange samanhengar sett på som framhaldet av denne. I 1995 markerte vi såleis 100 år med lærarutdanning i Volda. Jubileet var konsentrert til den første veka i november, og vart markert med kunstutstilling, konserter, dramaframsyningar, faglege seminar, festmøte, gudsteneste med kyrkjekaffi og jubileumsfest. Dessutan vart festskriftet «Forkynning, fellesskap, forskning» gjeve ut. Skriftet er ei innbunden bok på over 500 sider og inneheld 21 artiklar om soga til skulen og eit komplett register av uteksaminerte elevar og studentar i perioden 1895 - 1994.

Undervisning og studentar

Avdeling for lærarutdanning gjev tilbod innanfor fireårig lærarutdanning, treårig førskulelærarutdanning, ymse fagutdanningar og eittårig praktisk-pedagogisk utdanning (både allmennfag og yrkesfag). Det meste av dette fagtilbodet vert gjeve i Volda, men somt vert gjeve desentralisert. Mellom anna gjennomfører avdelinga eit deltidsstudium grunnutdanning

for førskulelærarar og praktisk-pedagogisk utdanning i Kristiansund.

Det var registrert 1113 heiltidsstudentar i lærarutdanningane ved HVO i 1995 (gjennomsnitt for vår- og haustsemesteret). Av desse var 987 registrerte ved Avdeling for lærarutdanning.

Forskning og fagutvikling

Vi er vitne til ei aukande interesse for forskning i avdelinga. Ein del enkeltpersonar har gått i førevegen, og så har andre følgt opp. Relativt mange gjev uttrykk for at dei treng støtte og hjelp for å kome skikkeleg i gang. Derfor er kanskje vår største utfordring å bygge opp eit støtteapparat for fou-verksemda i avdelinga.

For ei lærarutdanning er det viktig å dokumentere undervisning og kunstnarleg verksemd med tanke på å synleggjere den kompetansen våre tilsette har på desse felta. Derfor har vi sett i gang eit utgreiingsarbeid for å finne gode måtar dokumentere slik kompetanse på. Vi trur at dette er viktig for å kunne halde ved lag lærarutdanningane sin profil med vekt på praktisk-estetiske fag også i framtida.

I 1995 har ein av personalet disputert for doktorgraden (pedagogikk), ein har vorte vurdert kompetent som førstelektor (musikk) og tre har fullført utdanning (alle i pedagogikk) som gjorde dei kompetente som høgskulelektorar.

Formidling og samfunnskontakt

ALU har mykje kontakt med andre utdanningsinstitusjonar, særleg innanfor lærarutdanning, og med samfunnet omkring, særleg skuleverket i eige fylke.

Tilsette har halde førelesingar, kurs og vore med i prosjektprossarar av ulike slag rundt om i heile landet, i enkelte tilfelle også i utlandet. Dessutan har det vore skrive ei rad bøker, artiklar og kompendium av personar i avdelinga.

Satsingsområde

Politiske signal viser at lærarutdanningane er blant dei studietilboda som skal prioritarast på landsplan, og god søknad til lærarutdanningane i Volda dei seinare åra gjev grunn til å sjå lyst på rekrutteringa framover. Nedgang i løyvingar gjer likevel at det er vanskeleg å halde kvaliteten i utdanninga oppe.

Lærarutdanningane i Volda er prega av eit breidt fagtilbod, der eit omfattande tilbod innan praktisk-estetiske fag er eit særmeke. Til dømes kan nemnast at Høgskulen i Volda har eige kor, brassband og symfoniorkester (det einaste ved ein høgskule i landet), og desse har sin base både når det gjeld leing og deltaking i Avdeling for lærarutdanning.

Vi har bygt opp tilbod på 20 vektal i dei fleste sentrale skulefaga: Dessutan tilbyr vi 40 vektal i musikk og 40 vektal i spesialpedagogikk (ikkje fast, studentbetalt tilbod). Vi har planar om å følgje opp dette med utvikling av meir omfattande studietilbod innanfor andre fagområde, særleg friluftsliv og pedagogikk.

Avdeling for mediefag

Avdelinga tilbyr toårige, yrkesretta utdanningar i journalistikk, informasjon og animasjonsfilm. I tillegg har avdelinga eitt-årige påbyggingsstudium i dokumentarfilm og fjernsynsreportasje og gir desentraliserte tilbod om halvårseiningar i mediekunnskap.

Undervisning og studentar

Avdelinga har studietilbod som får mange søkjarar med gode kvalifikasjonar. Det krevst høge poengsummer og avdelinga er godt nøgd med kvaliteten på studentane. Hausten 1995 var det om lag 200 studentar ved avdelinga i Volda. Avdelinga har 19,5 stillingsheimler.

Forskning og fagutvikling

Avdelinga vil på den positive sida peike på publiseringa av to lærebøker i journalistikk, «Etikk i journalistikk» av Svein Brurås og «Kommunaljournalistikk» av Hans Martin Dypvik. Det vart og publisert ein forskingsrapport om avislesing, «Lesernærhet i en norsk lokalavis» av Øystein Sande.

Andre tilsette har arbeidd med utviklingsarbeid av ymse slag, om dokumentarfilm, om kringkastingsjournalistikk og innafor området ny teknologi og praktisk mediearbeid. Avdelinga har også hatt arbeidsoppdrag for eksterne oppdragsgjevarar og i eksterne mediebedrifter.

Fleire vakansar har gitt ekstra-belasting for dei fast tilsette med utvida oppgåver innan dei yrkesretta studietilboda. Leiaren for forskingsverksemda (i dosenheimel) sa opp stillinga frå 1. august etter to år i permisjon. Dette har gitt dårlegare rammevilkår for målretta forskning.

Formidling og samfunnskontakt

Avdelinga har god kontakt med bransje- og produksjonsmiljøa innan våre område i Noreg. Effektive praksisordningar og mange samarbeidsprosjekt/oppdrag med næringsliv og offentleg verksemd skaper tovegskontakt som gir god nytte for alle paratar.

Studentane vert òg oppmoda til å leggje fram vellukka studentarbeid i media. Dette er med å sette Høgskulen i Volda på kartet og gjev studentane realistiske røynsler.

Satsingsområde

Høgskulen i Volda har knutepunktfunksjon i mediefag, med særleg ansvar for radio- og fjernsynsjournalistikk. Dette er resultatet av ei bevisst satsing frå høgskulens side på å framheve verksemda ved avdelinga og å profilere dette i høve til dei andre utdanningsinstitusjonane i Noreg som har tilbod i mediefag.

Høgskulen fikk dette året øymerka midler over 45-posten til modernisering av produksjonsutstyret på avdelinga. Hausten 1995 kunne vi ta i bruk eit topp moderne radiostudio for sjølkøyr.

Avdelinga må følgje opp dette med prioritering av stillingar, forskning og tilrettelegging av studieopplegg med tilfredsstillande infrastruktur og internasjonal orientering.

For å styrke den teoretiske basisen for avdelinga har vi arbeidd for å etablere grunnfagstudanning i massekommunikasjon og for å få i gang hovudfagssamarbeid med Noregs tekniske-naturvitskaplege universitet knytt til dokumentarfilmstudiet.

Vi har ført vidare arbeidet med å integrere moderne teknologi i studieopplegga for effektiv informasjonsinnhenting, utforming og presentasjon. Dette gjeld særleg for arbeid med levande bilde. Utviklinga på dette feltet skjer fort, og avdelinga er oppdatert og held minst same utstyrsnivå som konkurrerende utdanningsinstitusjonar.

Internasjonalisering

Det organiserte, internasjonale samarbeidet har først og fremst vore knytt til arbeidet i Den nordiske samarbeidskomiteen for journalistutdanning og verksemda til sekretariatet for den internasjonale animasjonsfilmorganisasjonen ASIFA som har halde til ved høgskulen i 1991 - 1994.



Ivar Aasen-huset

Avdeling for samfunnsfag

Avdeling for samfunnsfag tilbyr høgre utdanning innanfor kommunalfag, kristendoms-kunnskap og kyrkjefag og sosialfag.

Undervisning og studentar

Studia ved ASF varer frå 1 til 4 år, og dei fleste utdanningane vi tilbyr, er retta inn mot administrativt arbeid innan offentleg forvaltning. Dette gjeld m.a. kommunal planlegging, kyrkje-verje- og sosionomutdanning. Avdelinga er elles engasjert i ulike etter- og vidareutdanningstilbod. Det gjeld t.d. vidareutdanning for trygdefunksjonærar, kurs i barnevern, kurs i regional planlegging og kurs i leing for offentleg tilsette.

Hausten 1995 var det til saman 730 registrerte studentar ved avdeling for samfunnsfag, fordelt på 10 ulike studietilbod.

Forskning og fagleg utvikling

Avdeling for samfunnsfag har 34 vitenskaplege stillingsheimlar. Dei tilsette ved ASF var engasjerte i ei rekke forskings- og fagutviklingsaktivitetar i året som gjekk. Det vart m.a. publisert tre doktoravhandlingar. Birger Løvlie, Institutt for kristendoms-kunnskap og kyrkjefag, Jon Olav Myklebust, Institutt for kommunalfag og Sveinung Vaage, Institutt for sosialfag, avla doktorgraden i 1995. I tillegg var fleire tilsette ved avdelinga i gang med doktorgradsarbeid knytt til ulike fagmiljø i Noreg og USA. Av desse skal nokre disputere i løpet av 1996, andre først i 1997.

Dersom alt går etter planen, vil omlag halvparten av dei fagleg tilsette ved ASF ha avlagt doktorgrad i løpet av 1997/98.

Elles var det i tillegg ein stor produksjon av skriftleg materiale i form av tidsskriftsartiklar, lærebøker, bidrag til lærebøker og førellesingar i inn og utland.

Formidling og samfunnskontakt

ASF har eit godt nasjonalt samarbeid med andre utdannings-institusjonar og fagmiljø over heile landet. I tillegg representerer tilsette ved ASF skulen på ei rekke nasjonale og internasjonale fagkonferansar, og kan på denne måten både gi og motta nye impulsar. I 1995 deltok tilsette ved ASF med eigne førellesingar og innlegg på konferansar og seminar m.a. i Litauen, Australia, Irland, USA og Norden. ASF deltok også som medarrangør av to større nasjonale fagkonferansar; "Ungdom i distrikta" i Kristiansund og "Pedagogikk i ei reformtid" i Ålesund.

Satsingsområde

Internasjonalisering er eit av satsingsområda for ASF framover. Avdelinga er i gang med å etablere eit nettverk mellom universitet og høgskular i Nord-Irland, Irland, Finland, Sverige,

Hellas og Portugal, i samband med EU-Socrates. Arbeidet starta i 1994, og samarbeidet vart vidareutvikla i 1995. Ein delegasjon med representantar frå dei tre institutta og skulen sentralt, gjesta i året som gjekk University of Ulster, Nord-Irland. I 1996 tek ein sikte på å gjennomføre ein tilsvarande tur til Finland og Portugal. ASF vil, i samarbeid med skulen sentralt, setje av midlar til planlegging og etablering av ei utvekslingsavtale med sikte på oppstart hausten 1997.

Avdeling for samfunnsfag er i gang med å utvikle nye studietilbod. I 1995 vart det utarbeidd framlegg til studieplan for 4. årig kyrkje-verjeutdanning og for sosiologi grunnfag. I tillegg vart det søkt om å få registrert 1. året på kommunal planlegging og administrasjon som samfunnsfag årseining.

Etablering av 4-årig kyrkje-verjeutdanning, sosiologi grunnfag og oppnådd samfunnsfag årseining etter fullført 1. KPA vil gje studentane større valfridom med tanke på å skaffe seg ei cand. mag. -grad ved ASF og Høgskulen i Volda.



Hans Strøm-huset

Undervisning og opptak

Tildelte ressursar i 1995 gav ikkje rom for nye tiltak ifølgje ideelle målsetjingar. Innanfor neddelte rammer prolongerte HVO studietilbodet for 94-95 til 95-96. Berre innsparrings-, rasjonaliserings- og effektiviserings tiltak i avdelingane kunne gje rom for nye studietilbod.

Heller ikkje gav særskilde søknader til KUF h-94 nye studieplassar frå hausten 1995: Det vart søkt om nye ressursar til følgjande fag: psykologi grunnfag, sosiologi grunnfag, geografi grunnfag, engelsk mellomfag, mediekunnskap/massekommunikasjon grunnfag og snø/skiutdanning årsstudium.

KUF melde i mars 1995 berre om tildeling av budsjettmidlar til 30 studieplassar til 1-årig praktisk-pedagogisk utdanning, yrkesfag i Kristiansund i tida 1995-97. Utdanninga kom i gang h-95, med undervisning over 2 år, dvs. tildelingane svarar til 15 heilt.ekv. årleg. Etter denne tildelinga frå KUF auka høgskulen sitt måltal frå 2 206 til 2 221 frå h-95.

I 1995 vart det også arbeidd med å få godkjent eit 4. år i den 3-årige kyrkjeveitdanninga. KUF mottok omfattande høringsfråsegner og søknad om godkjenning av ny revidert studieplan.

HVO sende søknad om å få det 1. året i KPA studiet godkjent som samfunnskunnskap årsstudium og studieplan for sosiologi grunnfag vart sendt på høyring.

I 1995 vart det i avdelingane elles arbeidd for å søkje godkjenning av etablering av følgjande nye fag frå hausten 1997 (alfabetisk rekkefølge): Engelsk mellomfagstillegg (10 vektal), friluftsliv mellomfag (20 vektal),

massekommunikasjon grunnfag (20 vektal) og pedagogikk mellomfag (10 vektal).

I samsvar med ny rammeplan for 4. året i allmennlærerutdanninga vart det utvikla fagplanar og planlagt påbyggingstilbod (10-vektal) opp til 20 vektal i desse faga: Forming 3, Kroppsøving 3, Musikk 3, Kristendoms-kunnskap 3, Matematikk 3 og 4, Naturfag 3 og Samfunnsfag 3. (Desse studia fekk den første påbygginga med 5 vektal, fram til 10 vektal, frå hausten 94).

På grunn av innføring av 4-årig allmennlærerutdanning og krav om påbyggingseiningar på 5- og 10-vektalsnivå i 3. og 4. studieår, kunne høgskulen tilsvarende ikkje tilby nokre fagtilbod på 10- og 20-vektalsnivå, tidlegare års- og halvårseiningar v/VLH.

I studieåret 1995-96 samarbeidde HVO med Fylkesskulesjefen i Møre og Romsdal om å tilby spesialpedagogikk 2. halvårseining for lærarar i vidaregåande skule i fylket (RVO-plan). Undervisninga vart lagd til Molde og Ålesund. Tilbodet var gjeve som avgiftsfinansiert utdanning for allmennlærarar, førskulelærarar og faglærarar i barnehage, grunnskule og vidaregåande skule i regionen (ifølgje LR-fagplan) fram til 1. avdelingskompetanse.

I studieåret 1995-96 samarbeidde HVO med Høgskulen i Sogn og Fjordane, Høgskulen i Bergen og Høgskulen på Stord/Haugesund om gjennomføring av eit fjernundervisningsopplegg, pedagogikk for barn 5-10 år halvårseining, på Vestlandet.

Eksamen

2328 kandidatavvart vart oppmelde til eksamen v-95 og h-95 i ulike fag, emne og kurs. 2043

kandidater (87,8%) gjennomførte med godkjent resultat. 12,2% av kandidatane stod att med ikkje godkjende eksamenar etter kontinuasjonen h-95.

Opptak

Det var først ved opptaket i 1995 at vi fekk eit opptak som fullt ut var samordna i høgskulesektoren. Høgskulane skulle då vere sakshandsamarar for kvarandre, og det vart laga eit felles opptaksregelverk. All sakshandsaming skulle vere ferdig til 25. juli då eit felles hovudopptak vart køyrd ved Samordna opptak i Oslo.

Søkinga til høgskulen h-95 var god, med særleg store søkjartal på mediefaga, barnevern, sosionom, allmennlærerutdanning og førskulelærerutdanning. Søkinga var også stor til desse einskildfaga: historie grunnfag, engelsk års-eining, kroppsøving årseining, og pedagogikk grunnfag.

Opptakskontoret hadde i 1995 sakshandsamaransvar for 3600 studentar innanfor det nasjonale opptaket. Innanfor det lokale opptaket (kurs og ordinære einingar) vart det handsama 2260 søknader.

Det vart teke opp 926 studentar ved det nasjonale opptaket og 508 studentar ved det lokale opptaket. Måltala vart oppfylte ved alle yrkesutdanningane unnateke kyrkjefagstudia, men dette vart langt på veg kompensert av det høge opptaket på kristendoms-kunnskap grunnfag. Også ved dei fleste einskildfaga vart måltala oppfylte i 1995.

Forskings- og utviklingsarbeid

Året 1995 var prega av organisasjonsutvikling og samarbeidsetablering innan forskings- og utviklingsarbeid i den nye høgskulen. Utfordringane er store knytt til ulike kulturar i faggrupper i den tidlegare høgskulane.

Den nye avdelingsorganiseringa har i stor grad samla gruppene med sterke forskningstradisjonar i avdelingane for samfunnsfag og humanistiske fag, medan avdelingane for lærarutdanning og mediefag framstår som sterke faglege utviklingsmiljø knytt til yrkesutøving.

Delen med førsteamanuensis-kompetanse eller høgere er 50% ved avdeling for humanistiske fag, 41% ved avdeling for samfunnsfag, 14% ved avdeling for mediefag og 12% ved avdeling for lærarutdanning.

Denne ulikskapen er ei viktig utfordring i åra som kjem. I 1995 har vi derfor arbeidd med å føre vidare doktorgradssamarbeidet med Universitetet i Trondheim. Tre av dei tilsette knytt til programmet leverte avhandlingane sine i 1994 og disputerte i 1995. I løpet av 1996 reknar vi med at alle dei sju som er tilknytt dette programmet vil ha disputert eller levert avhandlingar.

I samarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane har vi teke initiativ til eit tilsvarande samarbeid med Universitetet i Bergen, eit program som kjem i gang hausten 1996.

HVO har eit tett samarbeid med Møreforskning si avdeling i Volda. I 1995 har vi arbeidd med å vidareføre og styrke dette samarbeidet gjennom å etablere sams forskingsutval og sams grupper med forskingsleiing og -rettleiing. Dette arbeidet har munna ut i ei sams innstilling

om forskingsorganisering og strategiar som vart vedteken av styret til HVO i april 1996. Som eit direkte resultat av dette samarbeidet etablerte vi ei sams publiseringsordning i 1995 med tre rapportseriar; forskingsrapportar, arbeidsrapportar og notat.

I 1995 vart det utgjeve 9 forskingsrapportar (to av desse var doktoravhandlingar), 11 arbeidsrapportar og 21 notat. Alle forskingsrapportane, 8 av dei 11 arbeidsrapportane og 15 av 21 notat hadde forfattarar/medforfattar knytt til høgskulen. I tillegg har det vore stor aktivitet knytt til publisering i internasjonale og nasjonale tidsskrift med til saman 24 artiklar, sjå tabellen nedanfor.

I 1995 arbeidde vi med å utvikle strategiar for den nye høgskulen, eit arbeidd som munna ut i styrevedtak av «HVO mot år 2000. Strategisk plan» i styret i april 1996, der forskning og utviklingsarbeid har ein sentral plass. Forskingsorganisering og utvikling av samarbeidet med Møreforskning og andre institusjonar er ein viktig del av strategiane vidare.

I 1996 var tilsette ved høgskulen engasjerte i 26 nasjonale og inter-

nasjonale forskingsprogram og -prosjekt, 19 av desse organisert gjennom Møreforskning.

Ein viktig del av det vidare arbeidet er knytt til dei to knutepunkta høgskulen har fått tildelt innan nynorsk skriftkultur og mediefag. HVO har fått tildelt to nye professorat til det nye instituttet for nynorsk skriftkultur knytt til avdeling for humanistiske fag, og ved avdeling for mediefag er to stillingar omgjorde til professor. Det er tilsett eigne prosjektleiarar som skal organisere denne nye verksemda og også initiere eigne forskings- og kompetansehevingsprogram innan desse felta.

Ved årsskiftet 1995/96 har høgskulen 11 toppstillingar av til saman 142 faglege stillingar, ein andel som må aukast i åra framover. 9 av dei tilsette har doktorgrad

Som ein del av strategiane for å heve forskingskompetansen til tilsette, er midlane til vikarstipend heva vesentleg frå og med 1996. Høgskulen har også nytta strategiske midlar til slik verksemd m.a. doktorandprogram og prosjektleiing knytt til knutepunkta.

Vitskaplege arbeid	Avd. for lærarutdanning	Avd. for samfunnsfag	Avd. for humanistiske fag	Avd. for mediefag	Sum
Artiklar i vitskaplege tidsskrift	10	10	4	0	24
Vitskaplege avhandlingar, inkl. Forskningsrapportserien	2	6	2	1	11
Faglege bøker og lærebøker, inkl. Arbeidsrapportserien	2	6	4	3	15
Kapittel i faglege bøker/lærebøker	8	5	5	0	18
Notatserien	6	8	0	1	15
Sum	28	35	15	5	83
Av desse:					
Forskingsrapportserien	2	4	2	1	9
Arbeidsrapportserien	1	4	1	5	8

Kurs, etter- og vidareutdanning

Kontor for kurs, etter- og vidareutdanning er organisasjonsmessig plassert i studieadministrasjonen. Studiesjefen er overordna leiar, og det er i 1995 knytt to stillingsheimar til drifta, ein førstekonsulent og ein konsulent. Vårsemesteret 95 hadde ein i tillegg ein person frå arbeidskontoret, som fungerte i ei fullmektigstilling.

Kontoret er førebels lokalisert til Kaarstادهuset i svært høvelege rom. Lokaliseringa gjer likevel at kontaktskapinga i høve til avdelingane blir noko forskjellig. Det kunne også ha vore ein fordel med tettare nærleik til resten av fellesadministrasjonen og leiinga.

Ansvarsområde

Kurs, etter- og vidareutdanningsverksemda er ein integrert del av høgskulen si verksemd, men har eige budsjettansvar. Målformuleringane for dette området er vage. Det er likevel sagt, i stortingsmeldingar og i andre sentrale retningslinjer, og i høgskulen sine eigne plan-dokument, at etter- og vidareutdanning skal vere ei prioritert oppgåve for skulen.

Verksemda femner om:

- Vidareutdanningar som supplerer høgskulen sitt ordinære studietilbod og som blir finansiert ved eksterne midlar
- Etterutdanningar og mindre kompetansegejevande kurs
- Ulike typar oppdragsverksemd
- Konferansearrangement
- Internopplæringstiltak
- Sakshandsaming
- Informasjonsarbeid
- Administrative intern funksjonar

Oppgåvene involverer både initiering, planlegging og gjennomføring av tiltak, i tillegg til

sakshandsaming, oppfølging og utvikling av drifta.

Aktivitet

Det har i 1995 vore gjennomført følgjande tiltak:

- Studium: 24 (952 studentar)
- Kurs/oppdrag: 112 (registrert aktivitet - 5097 deltakarar)
- Konferansar: 4 (nasjonale - omlag 350 deltakarar)

Gjennom denne aktiviteten har KEV stått for 146,6 heiltidsekvi-valentar.

Resultatrekneskapan for 1995 viste at KEV-verksemda hadde ei inntening på kr 254000 (før justering av tidsavgrensa inntekter/utgifter.)

Samarbeidspartnerar / oppdragsgeivarar

Etter- og vidareutdanningsmarknaden har mange og ulike interessentar og aktørar. Vi merkar ein aukande tendens til ein meir konkurranseprega situasjon, der både pris og modell for organisering er medverkande faktorar ved val av studium og oppdragsgeivar.

I vår region har dei viktigaste partnarane i 1995 vore:

- Kommunar/institusjonar
- Statens utdanningskontor i Møre og Romsdal
- Fylkesmannen i Møre og Romsdal
- Fylkesskulesjefen i Møre og Romsdal
- Høgskulane i Sogn og Fjordane, Bergen og Stord/Haugesund
- Folkeuniversitetet i Møre og Romsdal

Utfordringar

Høgskule- og universitetssektoren er inne i ei tid då forventningane til formidling og tilrettelegging av ny kunnskap er sterkt aukande.

EU har utpeika 1996 som «Euro-peisk år for livslang læring». Noreg er med i dette samarbeidet gjennom EØS-avtalen, og KUF vil markere dette gjennom ulike tiltak og føringar. HVO har eit spesielt ansvar for å møte regionen sitt behov for livslang læring.

I både offentlig og privat verksemd kan vi sjå ein tendens til at behovet for etter- og vidareutdanning blir sett meir i system, som eit ledd i ein målretta kompetanseutvikling for heile organisasjonen. Reformane i utdanningssektoren og det generelle kravet til omstilling og endring i samfunnet gjer at etterspurnaden etter oppdatering kan bli nærast eksplosiv i åra som kjem.

I tillegg til ein individretta marknad, blir det forventa ein sterk vekst gjennom organisert etterspurnad frå arbeidsgjevar.

Med alternative studiemodellar/undervisningsformer, t.d. fjernundervisning, og ved å knyte kontakter og inngå samarbeid både på ein nasjonal og internasjonal marknad, vil det bli aktuelt med heilt andre nedslagsfelt, målgruppe og samarbeidspartnerar enn dei vi har vore orientert mot fram til no.

I denne smeltedigelen skal etter- og vidareutdanningsverksemda ved Høgskulen i Volda prøve å finne si form. Det vil bli ei stor utfordring for oss å utvikle ein funksjonell struktur og ei produksjonseining som skal gjere oss i stand til å vere både nytenkjande, fleksible og alliansebyggjande, utan at vi reduserer på studiekvalitet eller mistar fagleg identitet og tyngd.

Personale

Høgskulen hadde dette året 193 stillingsheimlar - 144 faglege og 49 administrative.

Ved utgangen av 1995 hadde høgskulen totalt 208 tilsette/engasjerte - 153 vitenskaplege og 55 administrativt tilsette.

Talet på kvinner i faglege stillingar er 54, dvs. 35 %, og administrativt tilsette er 38, dvs. 69 % kvinner. I fagmiljøet har vi 9 tilsette med doktorgrad.

Fordeling av kompetansen mellom vitenskapleg tilsette er: 2 professorar, 3 dosentar, 25 førsteamanuensar/førstlektorar, 29 amanuensar, 52 høgskulelektoraar og 24 høgskulelærarar.

Etter søknad om kompetansevurdering har 5 av det vitenskaplege personale fått opprykk til førstekompetanse og 2 har fått godkjent amanuensis/høgskulelektorkompetanse i 1995.

Ved høgskulen lyste vi ut 31 stillingar i 1995, 20 undervisningsstillingar (10 er faste stillingar) og 11 administrative/tekniske stillingar (4 er faste stillingar).

Grunnen til at så mange undervisningsstillingar er utlyste, er at mange stillingar er blitt lyste ut som årsengasjement.

Bygningar

Proessen med sikte på å få opp eit nybygg ved Høgskulen i Volda tok avgjerande steg i 1995.

Utteikningar av bygget blei førde fram som skisseprosjekt 15.08.95, som forprosjekt 01.11.95 og som revidert forprosjekt 06.12.95.

Den politiske framdrifta av byggjesaka var fullført då Stortinget vedtok Statsbudsjettet for 1996 i slutten av desember 1995, og med det var ein mangeårig fase med uklare bygningsmessige perspektiv avslutta.

Dei to tidlegare høgskulane hadde, ved utgangen av 1984 eit samla studenttal på ca 1124 (569 + 555) og eit disponibelt bygningsareal då på ca 16 500 brutto kvm (10 500 + 6000). Dette gav eit arealtal på ca 14,4 kvm pr student. Studenttalet auka berre lite fram til 1990 og ein viss arealtilvekst vart oppnådd m.a. ved areal til Student-samskipnad Åslidbygget (Hamna 20) i 1991 og 1992 med til saman 1 100 brutto kvm.

Stor vekst

Frå 1992 fekk ein den store auken i studenttal slik at i 1994 ved samanslåingsdatoen 01.08.94 var studenttalet ca 2 200 medan bygningarealet berre hadde auka til ca 19 000 brutto kvm slik at arealtalet pr. student hadde krympa til 8,6 kvm.

På dette tidspunkt var likevel endring i sikte etter som KUF 12.03.93 hadde sett opp eit rammeprogram for eit fellesbygg på 8 200 kvm brutto. Dette nybygget forutsette oppseing av leigeareal på ca 4 000 kvm brutto slik at netto arealauke ved nybygget skulle bli ca 4000 kvm, og samla bygningsmasse

ca 24 000 kvm. Dette ville gje disponibelt areal på ca 10,6 kvm pr student om studenttalet blir 2 250 når Fellesbygget står ferdig til påske i 1998.

Dette gir ingen ideell situasjon, men vil i alle høve stå fram som eit avgjerande framsteg samanlikna med situasjonen etter 1991. Som alt peika på i brev til Statsbygg 17.06.93 (prosjektleiar Jan Driveklepp), er hovudproblemet at nybygget burde ha nesten 2 000 kvm netto meir dersom ein skulle få plass til det ein ønskjer.



Henrik Kaarstad-huset

Biblioteket

Strategisk plan for Høgskulen i Volda understrekar sterkt dei ambisjonane høgskulen har for forskning, undervisning og studium. Biblioteket sine mål spring ut av dei målsetjingane høgskulen har, og av dei nasjonale måla for høgre utdanning: Institusjonene under denne lov skal gi høgre utdanning som er basert på det fremste innan forskning, kunstnarisk utviklingsarbeid og erfaringskunnskap. (Om lov om høgre utdanning - Otprp. nr 85 (1993-94)). Det er biblioteket si oppgåve å gjere tilgjengeleg den informasjonen og den kunnskapen som er føresetnaden for å nå slike mål.

Studentar og doktorandar

Det er ei variert gruppe kundar biblioteket har: Ferske studentar, røynde undervisarar og administratorar, forskarar med svært spesialiserte faglege behov. Studenttalet var høgare i 1995 enn nokon gong, og året såg også eit førebels høgdepunkt i talet på ferdige doktorandar. Dei ulike gruppene har svært ulike krav til biblioteket, og det vart ei endå større utfordring enn før å vere eit godt bibliotek for dei ulike gruppene. I siste instans skal dei dele den same kaka.

Papir og elektronikk

For samanhengande lesing er ikkje noko medium betre enn trykt tekst. Det er framleis viktig for biblioteket å gjere samlingane relevante og tilgjengelege, og organisasjonen forståeleg. Samtidig må biblioteket fange inn og gi vidare det beste av det som elektroniske medium tilbyr med stadig aukande fart. Kombinasjonen av trykte og elektroniske media, brukt av eit kyndig personale og kunnskapsrike brukarar, er uvurderleg. Bibsys vart innført i 1994, og ein stor del av funksjonane. Tilvekstmodulen

vart tatt i bruk i 1995, og nokre større spesial-samlingar vart lagde inn i basen. Elles pågår det eit arbeid heile tida med å fange opp den delen av litteraturen som har vore utlånt, og leggje inn den. Den største delen av den aktuelle litteraturen er inne, men ennå ikkje alt. Førearbeidet for å ta i bruk den siste funksjonen i Bibsys, tidsskriftmodulen, vart også gjort i 1995.

Eksterne databasar, online og på CD-ROM, utgjer ein stadig viktigare del av arbeidsområdet i biblioteket. Det utvalet av viktige basar vi har på CD-ROM kjem ikkje til full nytte før dei blir lagde inn på lokalnettet for høgskulen. Det vart ikkje pengar til dette i 1995 heller. På Internett kjem nye tilbod i ein aukande straum. Det krev kunnskap og tid å få ei oversikt over kva som er nyttig og kva som er gagnaust. I 1995 vart det ikkje tid til stort meir enn ein overflatisk kjennskap til eit utval av basar. Ei av dei viktigaste oppgåvene for 1996 og dei følgjande åra blir å skaffe seg eit betre kjennskap til desse ressursane. Biblioteket har søkt om ekstra midlar til dette, slik at eit program kan kome i gang i 1996.

Nybygg

Den mest gledelege hendinga i 1995 var meldinga om at byggjearbeidet kan starte i 1996. Biblioteket har ein utåleleg plassmangel på avdeling Kaarstad, studentane ved heile høgskulen har for lite arbeidsplass, og det er upraktisk med den oppdelinga biblioteket har no. Høgskulen set store voner til det nye huset, og planane for biblioteket ligg ferdige i grove trekk. Det ser ut til å verte eit praktisk, fint bibliotek, som ligg godt til, og som vil verke samlande på høgskulen.

Bibliotekrådet

I 1995 vart Bibliotekrådet oppnemnt, slik organisasjonsplanen for biblioteket teiknar det opp, og slik Styret for høgskulen har vedtatt det. Der er alle fagavdelingane representerte, pluss studentane, den faglege leiinga ved rektor, og bibliotekpersonalet. Hovudbibliotekaren er sekretær og saksførebuar. Bibliotekrådet er eit organ for fagleg samarbeid mellom det vitenskaplege personalet og dei andre brukarene, og biblioteket. Rådet har ei særleg oppgåve i å halde auge med at biblioteket held mål i forhold til dei oppgåvene heile høgskulen har.

Personale

I august tok ny avdelingsbibliotekar ved avdeling Kaarstad til, og fast tilsett bibliotekar ved avdeling Hans Strøm. Frå den tid har biblioteket hatt fast tilsette folk i alle 8 stillingane, dessutan ei heil stilling som mellombels engasjement. 1995 gjev igjen grunn til å rose bibliotekpersonalet for energisk og innsiktsfullt arbeid, både rutinearbeidet og alt det nye som skal lærast og meistrast.

Oppsummering og raskt blick framover

Når ein ser bakover, ser 1995 ut som eit år for konsolidering og planlegging. På den eine sida vart tidlegare planar oppfylte: Bibliotekrådet vart oppretta, Bibsys vart gjennomført i dei fleste funksjonane og for dei største delane av samlingane. På den andre sida tok biblioteket sats til dei store spranga i dei komande åra: nye kunnskapskjelder, ny teknologi, nytt hus. 1995 har også vore eit spennande år, og biblioteket ser framover med forventning.

Informasjonsteknologi

1995 var året då bruk av Internett verkeleg tok av. Vi fekk Word Wide Web med Netscape. Dette gjorde at informasjonen på nettet vart mykje lettare tilgjengeleg.

Nettkonto

Alle tilsette får automatisk konto både på HVO sitt nettverk og på Internett dersom dei har datamaskin og kontor. Studentane kan få konto ved at dei skriv ut søknadsskjema. Dei skriv samstundes under på retningsliner for bruk av nettet. Desse retningslinene går ut på etisk bruk av nettverket. Dersom desse vert brote, kan dei verte utestengde frå bruken. Dette skjedde med ein student dette året. I -95 var det om lag 400 studentkontoar på HVO.

Dagleg drift

Det er 230 kontor datamaskinar og 35 skrivarar på HVO nettet. I tillegg kjem 100 studentdatamaskinar. Nesten alle maskinane er kopla på Internett. Den daglege drifta av nettet er kommunikasjon mellom alle husa på HVO og mot Internett. Det er drift av 5 nettservere på HVO med programvare, installasjon av PC'ar og utstyr, oppgradering av maskinparken og brukarstøtte. I tillegg kjem planlegging og organisering av arbeid, sakshandsaming, innkjøp og budsjettarbeid.

IT-kontoret

I 1995 var det to faste ingeniørstillingar på IT-kontoret. Svein Arnesen er tilsett som overingeniør og IT-ansvarleg.

Stig Flåskjer vart tilsette ved HVO 1.juli -95 som avd. ingeniør og IT-konsulent. Rune Mo har vore engasjert som IT-teknikkar.

Orakeltenesta

Vi har leigd studentar som er flinke med data til å hjelpe andre studentar. Dette vert kalla orakelteneste. Det er 12 timar arbeidstimar per veke på kvart av dei to hovudbygga. Denne ordninga har fungert godt.

Organisasjon og styringsstruktur

Høgskulen i Volda er organisert i fire avdelingar som er inndelte etter utdanningsvegar og studieløyper, meir enn fag.

Fellesadministrasjonen er funksjonsdelt i tre kontor med ein leiar for kvart. Funksjonsleiarane i kontor for fellestenester er direkte underlagt høgskuledirektøren. Kvar avdeling har også ein liten administrasjon.

Styringsstruktur

Det valde styringssystemet er delt i to nivå: Styrenivået, som er høgskulen sitt øvste organ, og som har 11 medlemmer, av desse 3 eksterne. Rektor er styreleiar. Avdelingsstyret er øvste styringsorganet på avdelingsnivået. Den valde leiaren for desse organa er kalla avdelingsrådsleiar.

Den nye høgskulen har todelt leiarstruktur med rektor som styreformann og fagleg leiar, og høgskuledirektøren som leiar for administrasjonen og drifta.

STYREMEDLEMMER

Fagpersonalet

Rektor Sverre Måseidvåg, styreleiar
Prorektor professor Jørgen Amdam, nestleiar
Førsteamanuensis Jorunn Hetland
Førsteamanuensis Gunnar Strøm
Førsteamanuensis Narve F. Birkeland

Tekn./adm. personale

Sekretær Hilde Trandal

Studentrepresentantar

Student Gry Merethe Hovdenakk
Student Trond Otto Berg

Eksterne medlemmer

Disponent Toril Fiskerstrand
Førsteamanuensis Kathrine Skretting
Kommunelege Bjørn Martin Aasen

Rekneskapen



Høgskulen i Volda